


Høyringsfråsegn

Høyringsfråsegn i samband med *Revisjon av vilkår – regulering av Seljordsvatnet*

Eg eig ei hytte av eldre dato, truleg frå 1950-talet, på Mosasida 112, gnr 43 , bnr 236 ved Seljordsvatnet. Vatn har gjentatte gonger kome inn i hytta, noko som sjølvstøtt er svært uheldig for bygget. Kritisk grense for vasstanden er ca 117,43 m.o.h. Vi har henta inn statistikken frå NVE som viser alle målingane fram til i dag. Den dokumenterer at gjennomsnittleg vasstand pr. år har auka frå midten av 90- talet. Sjå vedlagt figur nedanfor. Y-aksen viser meter og x-aksen viser tid der punkt 64 tilsvarar år 1998.



Punkt 64 er frå 1998. Ein ser at gjennomsnittleg vasstand har auka framover på 2000 tallet.

Konsekvensane for hytta har blitt store. Der er både roteskade og luktpproblem. Roteskaden er dokumentert av to uavhengige takstmenn. Og verdien av hytta er også betydeleg forringa, då underetasjen ikkje kan brukast. Den einaste løysinga synest å vera å fylle att underetasjen for å unngå dette problemet, og det halverer verdien av hytta.

Reguleringshøda i Seljordsvatnet er på 1 meter, og oppgitt normalvasstand er på 116,40 m. (Faun rapport 039-2013) Dersom luka hadde vore kjørt ved eit definert høgnivå slik at den sto open heilt til vasstanden var nede på eit definert lågnivå før den blei stengt, ville ein kunne regulere normalvasstanden betre. Ut ifrå normalvasstanden på 116,40 og reguleringa på 1 m, ville eg ikkje fått vatn i hytta. Berre ved å senke «toppane» med 30-40 cm, ville problemet vore kraftig redusert.

Statistikk for vasstand over 117,43 som er grense for vatn i hytte.

09.05.1960 12:00	117,49
16.05.1960 12:00	117,78
23.05.1960 12:00	117,48
18.07.1960 12:00	117,5
25.10.1961 12:00	117,8
01.11.1961 12:00	117,44
24.05.1962 12:00	117,54
17.05.1963 12:00	117,44
17.10.1964 12:00	117,63
17.05.1966 12:00	117,78
24.05.1966 12:00	117,81
17.05.1967 12:00	117,78
24.05.1967 12:00	117,79
31.05.1967 12:00	118,1
07.06.1967 12:00	117,61
05.09.1968 12:00	117,47
03.10.1968 12:00	117,58
17.05.1969 12:00	117,57
24.05.1978 12:00	117,6
31.05.1979 12:00	117,49
04.10.1981 12:00	117,44
10.05.1983 12:00	117,6
17.05.1983 12:00	117,76
24.05.1983 12:00	117,63
18.10.1983 12:00	117,51
11.10.1987 12:00	117,5
18.10.1987 12:00	117,97
05.09.1988 12:00	117,49
31.05.1995 12:00	117,51
07.11.2000 12:00	117,56
14.11.2000 12:00	117,58
21.11.2000 12:00	117,47
09.05.2004 12:00	117,51
26.07.2011 12:00	117,5
06.09.2011 12:00	117,45
17.05.2013 12:00	117,63

Vi opplever jamleg flaumvarsel, eksempelvis hausten 2014 då det blei varsla flaum i Telemarksvassdraga utan at det tilsynelatande blei gjort noko for å jamne det ut. Av statistikken frå NVE, ser ein tydeleg at haust og vår er utsatte flaumperiodar (hovudsakeleg mai, september, oktober og til dels november) Kva med effektkjøring og regulering av luke i forakant av dei utsette periodane?

Viser til pkt 12 i St. prp. Nr. 96 (1961-62) «...konsesjonæren plikter å treffe nødvendige tiltak for å søke å avhjelpe de skader og ulemper som reguleringen og overføringen fører med seg for bygdefolkets interesser». Dette er tydelege føringar på at konsesjonæren har ansvar og plikter i denne samanheng, f. eks.:

- Iverksette tiltak for å unngå skadar og økonomiske tap på eigedom og materiell
- Sørge for å halde seg innanfor 1 m i regulering frå normalvasstand

Helsing Bjørg I Abrahamsen.